



BARNE-OG LIKESTILLINGSDEP.	
Arkivkode	323.30
Dato:	14/408
Saksnr:	Dykkar ref: Vår dato: 04.04.2008

Vår ref.: 2008/1792  
Arkivnr.: 712.0

2008/00972 - 042

Barne- og likestillingsdepartementet  
Postboks 8036 Dep.  
0030 Oslo

## **Framlegg til endringar barnelova vedr. barnebidrag og reisekostnader - uttale frå Fylkesmannen i Rogaland**

Vi viser til oversending av 14.02.2008 som gjeld framlegg til endringar i barnelova og forskotteringslova.

Fylkesmannen i Rogaland er i det vesentlege einig i endringane i framlegget. Problema og skeivskapen det peikast på er i stor grad samanfallande med det vi ser gjennom vår kontakt med foreldre, og løysingane verkar fornuftige og adekvate. Vi vil likevel knytte nokre merknader til enkelte punkt i framlegget.

### *Kapittel 2.2.3.2. Boutgiftene* *Økte boutgifter ved samvær*

Grunngjevinga for ikkje å leggje samværsforeldras auka bukostnader inn i underhaldskostnaden er at dette vil gi ein svært høg underhaldskostnad. Departementet vil i staden ta med auka bukostnader når samværsfrådraget skal fastsetjast.

Etter Fylkesmannen si erfaring har tilnærma alle foreldre som regelmessig har egne barn på overnatting egne rom til dei i bustaden sin. Mange, om ikkje dei fleste, vil seie at dette er ein nødvendig føresetnad for å kunne ha regelmessig samvær av eit vist omfang og med ein viss kvalitet med barna.

Det er derfor slik vi ser det ein realitet at underhaldskostnadane for barn som har foreldre i to heimar er store. Vi meiner at det prinsipielt sett vil gi eit meir riktig bilete av den reelle situasjonen å ta samværsforeldras auka bukostnader inn i underhaldskostnaden.

Å legge desse kostnadene til samværsfrådraget synest å vera ei mindre logisk løysing. Det går ikkje fram av høyringsnotatet om det er det same beløpet for auka bukostnader som ein går ut frå ved utrekning av underhaldskostnaden som skal trekkjast frå, eller om det skal reduserast i høve til omfanget av samværet. Dersom heile beløpet skal trekkjast frå, kan det etter det vi har rekna ut kunne føre til at det ikkje skal betalast bidrag både i samværsklasse 3 og 4. Dersom det er snakk om ei gradering, er det likevel ikkje sikkert at resultatet vil bli så urimelege.

Slik vi ser det, vil den terskelen ein legg opp til mellom samværsklasse 2 og 3 uansett kunne være ei kjelde til konflikt mellom foreldre. Med den planlagde endringa vil det få endå større økonomiske konsekvensar enn før å redusere samværet frå 9 til 8 netter pr. månad.

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	e-post:	Landbruksavd.	Telefon:
		51568700	postmottak@fmro.no	Lagårdsv. 80	51568700
Postboks 59	Lagårdsv. 78	Telefaks:	Heimeside:	Postboks 59	Telefaks:
4001 Stavanger	Stavanger	51568811	www.fylkesmannen.no/rogaland	4001 Stavanger	51568811

## Kapittel 6 Reisekostnader ved samvær

### 6.3.1 Departementets vurdering og forslag

Fylkesmannen støtter framlegget om å endre barnel. § 44 til også å gjelde foreldra sine kostnader med å hente og bringe barna til samvær og samværsforelderen sine kostnader med å reise til barnet for samvær. Etter vårt syn har det vært eit kunstig skilje her.

Det er særleg viktig at det leggjast til rette for å utøve samvær på heimstaden i saker som gjeld heilt små barn. Dette kan ofte være den einaste måten å kunne gjennomføre samvær. Å likestille desse kostnadene med andre reisekostnader kan være eit viktig ledd i likestillinga mellom mor og far i høve til barnet idet det er med å leggje til rette for at far kan ha eit forhold til barnet allereie frå amnestadiet.

### 6.4. Betre konfliktløsningsmekanismer


Fylkesmannen ser eit stort behov for betre løysingar her. Det er mange som er frustrerte over at det er så lite hjelp å få frå det offentlege apparatet i desse sakene. Mange ønskjer eit vedtak etter hovudregelen i lova. Det vil være ei hjelp om sak kan reisast for forlikrådet i staden for dei ordinære domstolane.

Ei årsak til at Fylkesmennene behandlar så få saker om reisekostnader er etter vårt syn at det er så få som vil ta belastninga med å reise sak for domstolane for å få kravd inn uteståande beløp. Den parten som skulder pengar etter hovudregelen har då ikkje nokon motivasjon til å få prøvd om det er riktig at situasjonen faktisk fell inn under unntaksregelen. Han/ho kan roleg lene seg tilbake i visse om at pengane ikkje vil bli kravd inn. Og den som har eit krav på den andre etter hovudregelen hadde ønskja å kunna reisa sak for å få fastsett at det nettopp er hovudregelen som gjeld. Men det er det jo ikkje heimel for etter dagens reglar.

Det går ikkje klårt fram av høyringsnotatet om Fylkesmannen sine vedtak om at det *ikkje* er grunnlag for ei anna fordeling etter hovudregelen også skal være tvangsgrunnlag, slik at dei kan brukast til innkrevjing etter hovudregelen.

Dersom det blir slik og reglane i tillegg endrast slik at ein også kan reisa sak med påstand om at det er hovudregelen som gjeld, er det sannsynleg at Fylkesmennene vil få langt fleire saker til behandling enn det som er tilfelle i dag.

Med helsing

  
Harald Thune

  
Grete E. Øvernes  
avdelingsdirektør